

**BYGGMEISTAR RUNE REVHEIM,  
BRULEITEVEGEN 40,  
5282 LONEVÅG.**

Tlf. 91186782.  
E-post: [sjuratre@online.no](mailto:sjuratre@online.no)

**Inger Marie Rundhovde,  
Hamrenesvegen 40,  
5281 Valestrandsfossen.**

**MIKALSGARVERIET. Runhovda gr.nr. 135, br.nr. 6.  
Osterøy kommune, Hordaland fylke.**

**Historia.**

Garving var ei stor attåtnæringer på Osterøy.

Frå først av garva dei mest til eige bruk, men det utvikla seg til ein stor industri.

Johannes Jensen Revheim var fødd på Brakvatnet i 1809, men kjøpte gard på Revheim i 1842. Han hadde garva på Brakvatnet og sette seg opp garveri på Revheim. Det var garving for sal. Då han kom til Bergen med leret sitt, nekta garvarlauget i Bergen han å selja. Dei hevda å ha enerett på garving for sal. Johannes gjorde noko dei ikkje venta ein bonde skulle gjera. Han gjekk til sak mot garvarlauget, og vann. Truleg var Johannes Revheim kår over at garverilova vart oppheva i 1939, og at handverkslova åvgrensa lauga sin enerett på handel. Denne saka var første gongen desse endringene vart rettsprøvd. Dette var nok hovudgrunnen til at garvinga vart so utbreidd på Osterøya. Ei tid låg der små garveri ved mest kvar einaste elv i Gjerstad- og Hamresoknene.

Garveribygda framom alle var Valestrand, det låg fem store garveri ved sjøen på Runhovda og fem ved Reistadlandet.

Gamlagarveriet var det fyrste på Runhovda, Johannes E. Rundhovde sette opp garveriet i Timberdalen i 1860-åra. Brørne hans, Jakop og Mikal, bygde eit tilbygg til Gamlagarveriet, og garva der Mikal bygde seg eige garveri rett utfør Gamlagarveriet i 1903. Det vart Mikalsgarveriet.

**MIKALSGARVERIET.**

**Runhovda gr.nr. 135, br.nr. 6.**

**Eigar Inger Marie Runhovda.**

Mikal Rundhovde (1859 - 1930) bygde stort. Hovudbygget er 10 x 30 m, har 4 heile høgder, 10,7 m med loft over, loftet er 2,5 m i mønet. I nordaust mot Gamlagarveriet er det ei sval på 10 x 3 m og i sørvest ei på 8 x 24 m i 3 høgder.

Samla golvareal er over 1800 kvm + 300 kvm loft.

På det meste var der kring 10 mann i arbeid.

Erik Rundhovde (1898 - 1977) tok over garveriet etter faren, Mikal, sonen til Erik, Mikal (1927 - ), Var den siste som dreiv garveriet.

Glanstida var krigsåra 1940 - 45 og fyrste åra etter krigen, men alt tidleg i 50-åra byrja vanskane å mælda seg. Arbeidstokken minka til det heile stogga kring 1880.

Etter det var slutt på garvinga laga Mikal Rundhovda Aurlandsko. Det gjorde han like fram mot tusenårsskifte. Då var han ålene.

Legg ved biletet av garveria på Runhovda. Der ser me frå venstre garveriet til Harald (seinare Johannes) Reigstad, Mikalsgarveriet, Gamlagarveriet, garveriet til Jarle Rundhovde (brann kring 1990) og heilt til høgre Revheimsgarveriet.

Eit like stort garvarmiljø var der på Reistad, tvers over vågen.

Inst stod Fjæragarveriet, det var det største. Nils T. Reigstad hadde på det mest 30 mann i arbeid,. Tett utfor Fjæragarveriet stod Karlagarveriet, so Tvedts pelsberederi eller Pelsen på folkemunne. Lenger ute i vågen Larsagarveriet og ytst Endregarveriet.

No står berre Karlagarveriet att, det er overteke av Osterøy museum til garverimuseum.

I 1910 var der mest 50 personar kring Valestrandsvågen som var garvarar, då er både hovud- og attåtyrkje med. Rundt 1950 var det truleg over det duble.

Garveria står no til nedfalls. Best er truleg Gamlagarveriet. Det står på høge gråsteinsgrunnar, huset er bordkledd og taket bylgjeblekk. På dei andre er kledningen därleg, vindauge fell ut og taka lek. Skal det unike garvarimiljøet på Runhovda bergast, må det verta ved eit spleislag, og det lyt skje fort.

Revheim 05.10.2017.

Rune Revheim.